



ØRSTA KOMMUNE

Dalevegen 6

6153 ØRSTA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Steigedal, 71 25 84 80

Aksept for oppstart av arbeid med verneplan for Sunnmørsalpane i Ørsta kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ber kommunestyret i Ørsta om aksept for å starte opp prosessen med vern av eit område i Sunnmørsalpane som landskapsvernområde eller nasjonalpark. Kommunen kan ta endeleg stilling til verneforslaget når avgrensing, verneform og verknader av vernet er klarlagt seinare i prosessen.

Bakgrunn

Klima – og Miljødepartementet ga Miljødirektoratet eit oppdrag av 02.07.2020 om bevaring av verdifull natur i medhald av naturmangfaldlova. Føremålet med vurdering og utgreiing av kandidatar for vern er å bidra til å dekke manglane i eksisterande verneområder slik at vi når dei nasjonale måla om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for framtidige generasjonar og om å ta vare på trua natur. Områda som blir føreslått verna skal også bidra til å danne økologiske nettverk og gjere norsk natur meir robust mot klimaendringane. Miljødirektoratet har gjennom dialog med kommunane kome fram til kandidat område der det kan være aktuelt med ein verneplanprosess.

Oppdrag

I vårt oppdrag frå Miljødirektoratet av 9.11.2021 er det gitt klarsignal for å starte dialog med Ørsta kommune for å sjå på moglegheita for eit verneområde i Sunnmørsalpane. Forut for ein formell verneplanprosess skal Statsforvaltaren ha dialogmøte med grunneigarar og interesseorganisasjonar. Desse dialogmøta skal gjennomførast før kommunen tar stilling til igangsetting av verneplanprosess. Vidare er det framheva at lokal forankring er avgjerande for ein slik prosess. Statsforvaltaren skal derfor avklare med kommunen om det er aksept for å førebu og gjennomføre ein verneplanprosess i kandidatområdet.

Oppdrag fase 2

Om Ørsta kommunestyre gjer Statsforvaltaren aksept for vidare prosess, skal vi vurdere kva slags kunnskapsgrunnlag som trengs for ein verneplanprosess og kva kunnskapsinnhenting og kartlegging som er naudsynt. Dette er tenkt gjennomført i samarbeid med ei lokal referansegruppe representert av dei lokale brukarinteressene. Avgrensing av utgreiingsområde er første steg for å avklare omfang av kunnskapsinnhenting. I ei slik fase er det også naturleg å avklare kva slags restriksjonsnivå ein ønskjer legge seg på i verneform som nasjonalpark eller eit landskapsvernområde.



Ein formell verneplanprosess er ein grundig gjennomgang av området, og alle partar vil bli varsla ved oppstart. Når kunnskapsgrunnlaget er på plass, vil Statsforvaltaren utarbeide eit forslag til avgrensing og forskrift i tett dialog med referansegruppa. Verneforslaget vil så komme på høyring med to månaders innspelsfrist, der det kan være naturleg å ha opne folkemøte. Ei endeleg tilråding om vern skjer etter høyring og oppsummering av fråsegn og kan truleg skje tidlegast i 2024.

Status

Så langt har statsforvaltaren hatt to dialogmøte digitalt med kommuneadministrasjonen for å førebu informasjonsmøte om mogleg vern. Den 16. juni informerte Statsforvaltaren Ørsta kommunestyre, samt grunneigarar knytt til førebels utgreiingsområde. Statsforvaltaren har også hatt eit ope informasjonsmøte for interessegrupper knytt til området den 20. oktober.

Statsforvaltaren si oppfatning etter dialogmøta med lokale aktørar er at ein er opne for å sjå kva som kan komme ut av arbeidet med eit verneforslag. Det er skepsis knytt til auka turisme i konflikt med utmarksbeite, og byråkratisering av utmarksbruk. Vi oppfattar at lokal medverknad er avgjerande for å få ein god prosess. Lokal verneområdeforvaltar, lokalt verneområdestyre og tilførte ressursar til oppsyn, rettleiing og informasjon, samt tilrettelegging og kanalisering av ferdsel vil bidra til å redusere brukskonfliktar.

Lokal aksept

Regjeringa understrekar betydninga av lokal tilslutning til verneprosessen og seinare det konkrete verneforslaget som blir lagt fram frå Statsforvaltaren. Ørsta kommune har på fleire steg i prosessen heilt fram til slutthandsaming ved Kongen i statsråd høve til å samtykke i vern eller ikkje. Kommunen vil også ha ei viktig rolle undervegs i prosessen, både på administrativt og politisk nivå. Vi håpar difor Ørsta kommune er opne for at vi i fellesskap kan gå i gang med arbeidet med vern av Sunnmørsalpane.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Hege Steigedal (e.f.)
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Oppdragsbrev Miljødirektoratet Sunnmørsalpane
- 2 Kart
- 3 Saksgang verneplaner

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM